

FORSKRIFT OM FISKE I VASSDRAG MED LAKS OG SJØAURE I SOGN OG FJORDANE 2008 – 2012 - HØYRINGSFORSLAG

Fastsett av Fylkesmannen i Sogn og Fjordane XX.XX.2008 med heimel i lov av 15. mai 1992 nr. 47 om laksefisk og innlandsfisk m.v. § 15 og § 33, jf. kgl.res. av 27. november 1992 nr. 877, jf. delegeringsvedtak av 24. februar 1993.

§ 1 Fiskesesong (hovudregel)

I vassdrag som fører laks og sjøaure, men som ikkje er nemnd særskild i denne forskrifta (jf. § 2), er det tillate å fiske i tidsrommet (frå og med – til og med) 15.6 – 31.8.

§ 2 Fiskesesong (særreglar)

For vassdraga nemnd nedanfor gjeld følgjande særreglar (oppgitte tidsrom frå og med – til og med):

| Kommune | Vassdrag | Laks | Sjøaure |
|----------------|--------------------------------------|-------------|----------------|
| Askvoll | Rivedalselva | 1.7 - 15.9 | 1.7 - 15.9 |
| Aurland | Aurlandsvassdraget | Forbode | 1.7 - 15.9 |
| Aurland | Flåmselva | 1.7 - 15.8 | 1.7 - 15.9 |
| Aurland | Nærøydalselva | 1.7 - 15.8 | 1.7 - 31.8 |
| Balestrand | Vetlefjordelva | 1.7 - 15.9 | 1.7 - 15.9 |
| Bremanger | Indrehusvassdraget opp t.o.m. vatnet | 15.6 – 31.8 | 15.6 – 31.8 |
| Bremanger | Indrehusvassdraget ovafor vatnet | Forbode | Forbode |
| Eid | Eidselva (Hornindalsvassdraget) | 1.6 - 31.8 | 1.6 - 31.8 |
| Fjaler | Flekkeelva | 1.6 - 31.8 | 1.6 - 31.8 |
| Flora | Osenelva | 15.6 - 15.8 | 15.6 - 31.8 |
| Flora | Norrdalselva | 15.7 - 15.9 | 15.7 - 15.9 |
| Førde | Jølstra | Forbode | Forbode |
| Gaular | Gaula | 1.6 - 15.9 | 1.6 - 15.9 |
| Gaular | Kvamselva | 15.6 - 15.8 | 15.6 - 15.8 |
| Gloppen | Åelva/Ommedalselva | 1.6 - 31.8 | 1.6 - 31.8 |
| Gloppen | Gloppenelva | 15.6 - 15.8 | 15.6 - 15.9 |
| Gloppen | Hopselva i Hyen | 15.6 - 31.8 | 15.6 - 15.9 |
| Høyanger | Daleelva i Høyanger | 1.6 - 31.8 | 1.6 - 31.8 |
| Høyanger | Ytredalselva (Vadheim) | Forbode | Forbode |
| Høyanger | Ortnevikselva | 15.7 - 31.8 | 15.7 - 31.8 |
| Luster | Mørkriselva | Forbode | 15.7 - 15.9 |
| Luster | Fortunselva | Forbode | 1.7 - 15.9 |
| Luster | Jostedøla | 1.7 - 15.9 | 1.7 - 15.9 |
| Lærdal | Lærdalselva | Forbode | Forbode |
| Naustdal | Nausta | 1.6 - 31.8 | 1.6 - 31.8 |
| Sogndal | Årøyelva oppstraums brua | 1.6 - 31.8 | 1.6 - 31.8 |
| Sogndal | Årøyelva nedstraums brua | 1.6 - 31.8 | 1.6 - 15.9 |
| Sogndal | Sogndalselva | 1.7 – 31.8 | 1.7 – 31.8 |
| Sogndal | Storelva (Fjærland) | 1.7 - 15.9 | 1.7 - 15.9 |
| Stryn | Oldenelva (Fossen, øvste hølen) | Forbode | Forbode |

| | | | |
|-------|---|------------|------------|
| Stryn | Oldenelva (frå Kviehølen/Sigrindhølen til Fossen) | 1.7 - 15.8 | 1.7 - 31.8 |
| Stryn | Oldenelva (frå sjøen opp til og med Kviehølen/Sigrindhølen) | 1.7 - 15.8 | 1.7 - 15.9 |
| Stryn | Loelva | 1.7 - 15.8 | 1.7 - 15.9 |
| Stryn | Stryneelva (Strynevassdraget) | 1.7 - 15.8 | 1.7 - 15.9 |
| Årdal | Årdalselva (Hæreid-Utla) | 1.7 - 15.9 | 1.7 - 15.9 |

§ 3 Fangstkvotar

Reglane om fangstkvotar går ut.

§ 4 Særreglar for fiske etter innlandsfisk

I tillegg til oppgitt tid for fiske etter laks og/eller sjøaure, er det på spesifiserte område i følgjande vassdrag tillate å fiske etter innlandsfisk i dei oppgitte tidsromma:

Gaula (ovanfor Alværfossen): 1.5 – 31.5

Loelva (frå hengebrua ved Haugen til Lovatnet): 20.6 – 30.6

§ 5 Fredingssoner ved fisketrappar

For fisketrappar som ikkje er oppført med særreglar nedanfor, er alt fiske forbode på ei strekning frå 50 m nedanfor til 50 m ovafor trappa (jf. § 15 i lov om laksefisk og i innlandsfisk).

For dei nedanfor nemnde fisketrappene er alt fiske forbode innanfor dei definerte områda:

Sjurhaugfossen i Lærdalselva, Lærdal kommune:

Avgrensa nedstrøms av ei rett linje mellom jordfaste merke på begge sider av elva ca. 25 m nedanfor nedste kant av utløpstunnelen, og oppstrøms av ei rett line mellom jordfaste merke på begge sider av elva ca. 25 meter ovanfor trappeinntaket.

Husumfossen i Lærdalselva, Lærdal kommune:

Avgrensa nedstrøms av ei rett line mellom jordfaste merke på begge sider av elva ca. 10 m nedanfor utløpet av trappa, og oppstrøms av ei rett line mellom jordfaste merke på begge sider av elva ca. 25 meter ovanfor trappeinntaket.

Fossfossen i Sogndalselva, Sogndal kommune:

Avgrensa nedstrøms av ei rett line over elva frå nedsida av Rundeknubben på nordsida av elva og tvers over elva til eit merke nedanfor nedre trappa på sørsida av elva, og oppstrøms av ei rett line trekt over elva frå ein stein foran trappeinntaket på nordsida av elva og tvers over elva til merke på motsatt side.

Ingafossen (Skjellestadfossen) i Sogndalselva, Sogndal kommune:

Avgrensa nedstrøms frå eit merke 5 m nedanfor nedste trappa tvers over elva til ei fjellhulle på motsatt side, og oppstrøms av ei rett line frå eit merke 5 meter ovanfor den øvste trappa til merke på skjær midt i elva.

Flugheimfossen i Sogndalselva, Sogndal kommune:

Avgrensa nedstrøms av ei rett line trekt frå merke på fjellnabb nr. 2 20 meter nedanfor trappa og tvers over elva til merke på fjellnabb på motsatt side, og oppstrøms frå merke på fjellnabb 10 m ovanfor trappa og skrå over dammen til ein stein på motsatt side.

Osfossen i Gaula, Gaular kommune:

Avgrensa nedstrøms av ei rett line frå merke på søndre elvebreidd ca. 60 m nedanfor trappeutløpet, til den mest synbare knaus midt i nedre del av fossen og vidare til eit

merke på lite nes på nordre elvebreidd nedanfor gamal kraftstasjon, og oppstrøms av ei rett line over elva mellom to brukar.

Rekvikfossen i Gaula, Gaular kommune:

Avgrensa nedstrøms av ei rett line frå merke på nordre elvebreidd ca. 60 m nedanfor trappeutløpet til merke i fjellet på søndre elvebreidd, og oppstrøms av skrå line frå nes på søndre elvebreidd via øvre kant av holme til merke på nordre elvebreidd.

Alværfossen i Gaula, Gaular kommune:

Frå nordleg elvebreidd til midtstrømslina innafør eit område avgrensa nedstrøms av merke (bolt) på lite nes nedanfor nedste laksetrapp og til merke (bolt) oppstrøms midt mellom laksetrapp og bru. Retninga på øvre og nedre sonengrense er gitt med tilsvarande boltar på søndre breidd.

Sandefossen i Gaula, Gaular kommune:

Avgrensa nedstrøms av ei rett line vinkelrett på straumen frå merke på framskote berg på nordre elvebreidd til merke på søndre elvebreidd, og oppstrøms av ei rett line over elva ved utløpet av øvre Sandefoss.

Hovefossen i Nausta, Naustdal kommune:

Den delen av elva som ligg vestafør ei rett linje trekt frå ein i fjellet nedanfor (sønnafor) fossen nedminert jernbolt (ca. 20 m frå trappeutløpet) i nordleg retning gjennom austre brukar til ein liknande bolt på neset i merket mellom Karl og Peder Hove. Elektrisitetsverkets inntaksdam blir deg å unnta frå fredinga.

Evebøfossen i Gloppenelva, Gloppen kommune:

Avgrensa nedstrøms av ei rett line trekt frå eit omtrent 50 m nedanfor trappeutløpet innhogd kryss i ein fjellskrent på høyre (nordre) elvebreidd til eit liknande kryss i ein på venstre (søndre) side av fossen framspringande fjellknaus mellom hovudlaupepet og ei vik som går forbi kraftstasjonen, og oppstrøms av Evebøfoss bru.

Eidsfossen i Gloppenelva, Gloppen, kommune:

Avgrensa nedstrøms av ei rett linje på tvers av elva trekt i forlenginga av vestveggen på den nye kraftstasjonen, og oppstrøms av ei rett linje på tvers av elva trekt over den gamle demninga ca. 100 meter ovanfor trappa.

Trysilfossen i Gloppenelva, Gloppen, kommune:

Avgrensa nedstrøms av ein sirkelsektor med radius 25 meter trekt frå vestre hjørne av trappa til midtstrømslina i Trysilfossen, og oppstrøms av ei rett line på tvers av elva mellom to boltar i fjellet 103 m ovanfor austre kant av brua over Trysilfossen.

Maurstadelva, Vågsøy kommune:

Avgrensa nedstrøms av ei rett line mellom to nedsette jernstenger på kvar si side av elva 41 m nedanfor nedre trappeutløp, og oppstrøms av ei line mellom to nedsette boltar på kvar si side av elva 22 meter ovanfor øvre trappeinntak.

Kviafossen i Eidselva, Eid kommune:

Avgrensa nedstrøms av ei rett line ca. 40 m frå nedste kulpen i trappa, og som er trekt frå ein bolt i øvste enden av den nedste kvernuren på sørsida av elva til eit punkt merkt med ein raud kross midt på fjerde karet i jernrøygata på nordsida av elva og rekna frå kraftstasjonen, og oppstrøms av ei rett line tvers over elva ca. 70 m ovafor damuren og trekt frå vestre kanten av bustadshuset på eignedomen gnr. 4, br. 12 på sørsida, og til ei kraftleiingsmast på nordsida av elva.

Laksetrappa v/Rv 15 i Hjalma (Naustdalselva), Eid kommune:

Avgrensa nedstrøms av ei rett line på tvers over elva i sørleg retning frå austre kan av midtre brukar, og oppstrøms av ei rett line tvers over elva 30 m ovafor øvste punkt på trappa.

Fisketrappa i Svardalsfossen i Osenvassdraget, Flora kommune, har ikkje fredingszone.

§ 6 Dispensasjon

Fylkesmannen kan i spesielle tilfelle dispensere frå reglane i denne forskrifta.

§ 7 Straff

Brot på denne forskrifta er straffbart, jf. lov av 15. mai 1992 nr. 47 om laksefisk og innlandsfisk m.v., § 49.

§ 8 Ikrafttreden

Forskrifta trer i kraft straks. På same tid vert følgjande forskrifter oppheva:

Forskrift av 14.2.2003 fiske i vassdrag med laks og sjøaure i 2003-2007, Sogn og Fjordane, fastsett med heimel i lov av 15. mai 1992 nr. 47 om laksefisk og innlandsfisk m.v. § 15 og § 33, jf. kgl.res. av 27. november 1992 nr. 877, jf. delegeringsvedtak av 24. februar 1993. Endra 12 feb 2004 nr 374, 31.1.2007 nr. 130.